

Kyrkjebladet for **VAKSDAL**

79. ÅRG. / NR. 4 - 2024



Avskil med Edvard
Side 5

Mange konsertar
Side 6-7



www.kyrkja.no/vaksdal

DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3, 5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)

E-post: kyrkjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

Ekspedisjonstid: Tys. og ons. kl. 11-14

Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold

Mobil 97 69 75 62. / E-post: br233@kyrkja.no

Sokneprest Edvard Bø - til 31/12-24

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Mobil 90 84 06 24 / E-post: eb447@kyrkja.no

Sokneprest Fredrik Hope - frå 1/1-25

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Tlf. 56 59 39 20 / E-post: fh493@kyrkja.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen

og Nesheim sokn

Mobil: 90 19 65 14 / E-post: fk796@kyrkja.no

Trusopplærer Kristin Straume Normann

Mobil: 95 76 63 79 / E-post: ka263@kyrkja.no

Organist Ruben S. Gjertsen

Mobil: 92 45 20 98 / E-post: rg794@kyrkja.no

Organist Frode R. Vik

Mobil: 95 26 20 84 / E-post: fv586@kyrkja.no

Vaktmeister Ottar Dalseid

Mobil: 97 67 46 16 / E-post: od622@kyrkja.no

Kyrkjelydssekretær Martin V. Kvamsøe

Tlf. 56 59 39 20 / E-post: mk279@kyrkja.no

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Informasjon om gudstenester, konfirmanntida og Kyrkjebladet finn du på www.kyrkja.no/vaksdal

GATEADRESSER:

Bergsdalen kyrkje: Bergsdalsvegen 1065

Dale kyrkje: Kyrkjegata 1

Eidsland kapell: Eidslandsvegen 2014

Eksingedalen kyrkje: Søralsvegen 10

Nesheim kyrkje: Nesheimsvegen 31

Stamnes kyrkje: Grupevegen 19

Vaksdal kyrkje: Vaksdalsgarden 34

VIPPS

Bergsdalen sokn 552521

Dale sokn 525329

Eksingedalen sokn 706003

Kyrkjeleg fellesråd 94073

Nesheim sokn 548798

Stamnes sokn 524776

Vaksdal kyrkje 137194

Vegen / Trusopplæringa 514111



Stoff til neste nummer må vera kome inn til 17. mars 2025.

Advent og nytt kyrkjeår – kva er no det, då?

Advent er ei kristen høgtid som markerer førebuing til juletida. Namnet kjem frå latin; adventus Redemptoris eller adventus Domini, «Frelserens ankomst» eller «Herrens ankomst». Høgtida vert markert på ulikt vis i ulike kyrkjesamfunn. I den lutherske kyrkja omfattar advent dei fire vekene før jul, og fyrste søndag i advent er første dag i det nye kyrkjeåret. Fyrste søndag i advent er den søndagen som kjem nærast 30. november. I 2024 er 1. desember fyrste søndag i advent. Det er fleire folkelege, sekulære skikkar knytt til advent, som til dømes adventskrans, adventsstjerne og adventskalender.

Adventskransen – eller adventsstaken – har fire lys, og eit nytt lys vert tent for kvar ny søndag i adventstida.

1. søndag i advent er og fyrste dagen i det nye kyrkjeåret – som då varar til neste gong det er 1. søndag i advent. I gudstenester og elles opererer ein med tre tekst- rekkjer som då går på omgang. Ei ny rekkje vert teken i bruk ved dette årsskiftet, og komande år vert 3. tekst-rekkje nytta. Vil du vite meir om advent og nytt kyrkjeår kan du lese på Den norske kyrkja si heimeside – kyrkja.no – eller «google». Eller finne fram bøker som skriv om dette?

Ha ei god og velsigna adventstid – og jul - i vente!

Bjart-Magnus N. Rosvold,
Kyrkjeverje i Vaksdal



Kjelde: Wikipedia m.m.

Fellesrådsleiar:

Elisabeth Verpelstad, tlf. 40 89 53 24 /

e-post: elisabeth.verpelstad@icloud.com

Soknerådsleiarar:

Bergsdalen: Kari Kristin Hopperstad Rødland, tlf. 97 79 19 43

Dale: Eli Leiren, tlf. 99 32 53 53

Eksingedalen: Kari Brørvik, tlf. 99 48 59 18

Nesheim: Gøril Kvinge Nesheim, tlf. 93 05 46 36

Stamnes: Bjørn Stamnesfæt, tlf. 41 41 33 51

Vaksdal: Tove Margrete Nordmark, tlf. 99 64 23 17

Den norske kyrkja si heimeside: www.kyrkja.noBjörgvin bispedømme si heimeside: www.kyrkja.no/bjorgvinBibelen på nett: www.bibel.no

KYRKJEBLADET FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 250,-

Annonsepris: kr 4,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar: Kyrkjeverja i Vaksdal

Grafisk utforming: Vaksdalposten

Kasserar: Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd, boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk: RKGrafisk, tlf. 99 21 42 00

Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam

Kyrkjeblader frå 1971 og framover kan lesast på: kyrkja.no/vaksdal

Bilete på framsida: Framsidebilete av Eksingedalen kyrkje i nordlys er teke av Janne Maj Nagelsen den 10. oktober. Janne er ein aktiv fotograf, og du finn henne på Instagram: [little_norway88](https://www.instagram.com/little_norway88)



Vona er lyset

Forleden år hadde eg ein skule på Voss på skulegudsteneste i Vangskyrkja. Eg viste dei dette biletet av Lukas Cranach (1483 – 1546). først gjekk vi gjennom kven som er avbilda her. Vi såg Josef og Maria, gjeterane, ein okse og sjølvsagt Jesusbarnet.

Så spurte eg borna; er det mørker eller er det lys i rommet? Alle var samde om at rommet var mørkt. Så held eg fram; Likevel er det lys. Kva trur de malaren ville seie med lyset han har malt i biletet?

Det var mange hender i været. Eg peikte på ei lita jente i 3. klassen. Ho sa: Gud har sendt son sin til oss menneske og det er Guds lys frå himmelen som skin gjennom Jesus-barnet.

Eg måtte gje henne rett; eg trur også at det var dette målaren ville seie med biletet. Vi lever i ei tid med bilete frå heile verda fulle av smerte og lidning. All

lidninga er som mørker som kjem til oss dagleg. Samstundes kan kvar og ein av oss gå gjennom tunge tider. Det er som ei bør vi har fått å bæra – ei bør vi ikkje sjølve har valt.

Vi treng å minna kvarandre på kor vi finn lys. Eg trur det klåraste lyset finn vi i medmenneske som kjem inn i våre liv. Når vi veit at vi ikkje er åleine, då har vi lys og von om ei god framtid.

Det er dette jula også handlar om. Gud har sendt son sin til oss menneske for å gje oss von. Jesus vil være eit lyset i våre liv.

Johannes evangelium 1, 5 Lyset skin i mørkeret, og mørkeret har ikkje overvunne det.

**Helsing Arild Hellesøy,
Prost i Hardanger og Voss prosti**

Min salme

Med denne songen så står det her at Gud omgir meg på alle sider. Me kan oppleve vanskelege ting i livet. Ting som kan trykke oss ned. Men me kan få stole på at Gud er med oss. Han leier oss gjennom vatn og han sviker aldri. Så det er verkeleg sant at Gud omgir oss på alle sider. Eg har sjølv opplevd situasjonar som er vanskelege. Men Gud har alltid vært der.

Du omgir meg på alle sider

Norsk Salmebok nr. 498

T: Arne Höglund 1982, etter Salme 139, 5

O: Jan Ove Ulstein 1988

M: Hans-Lennart Raask (omkved)

Märta Svensson (vers)

Du omgir meg på alle sider
Og held meg fast i di hand
Du omgir meg på alle sider
Og held meg fast i di hand

Når mi tru er svak og motet sviktar
Og eg kjenner kalde redslevindar
Då veit eg trass alt at du er nær meg
Du har lova vere med kvar ein dag

Når min veg går gjennom tette skodda
Nær ved bratte stup og djupe vatn
Då er du nær meg på alle sider
Ja du leiar gjennom vatn

Du omgir meg på alle sider
Og held meg fast i di hand
Du omgir meg på alle sider
Og held meg fast i di hand

Du omgir meg på alle sider
Og held meg fast i di hand
Du omgir meg på alle sider
Og held meg fast i di hand

Jostein Kringlebotten utfordrar far sin, Ragnvald Kringlebotten, til å skrive om sin salme i neste nr. av Kyrkjebladet.



TRENGER DU NOKON Å SNAKKE MED?

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid.

22 40 00 40 ♦ soschat.no



AVSKIL: På Stamnes har dei allereie starta, og der var det avskil med han etter Vegengudsteneseta søndag 10. november. Her har Eidrun Straume Normann frå soknerådet blomar og gode ord til Edvard. I tillegg fekk han kort med mange handskrivne helsingar frå bygdefolket på Stamnes.

Foto: Monica M. Dyvik

Avskil med Edvard

I samband med at Edvard Bø vert pensjonist ved årsskiftet
- og såleis sluttar som prest i Vaksdal
- vert det ein runde med avskil for han framover.

Dei komande vekene vert det fleire høve til å ta avskil med Edvard:

**Eidsland kapell søndag
1. desember, etter
lysmessa kl. 15.00:**

Kyrkjekaffi med lokal avskil på Eidsland for Edvard.

**Bergsdalen kyrkje
laurdag 7. desember,
etter lysmessa kl 16.00:**

Kyrkjekaffi med lokal avskil for Edvard.

**Eksingedalen kyrkje
søndag 8. desember,
etter lysmessa kl. 16.00:**

Kyrkjekaffi med lokal avskil for Edvard for begge sokna i Eksingedalen.

**Søndag 12. januar i
Vaksdal kyrkje kl. 11.00:**

Avskils-gudsteneste med fest i Vaksdal bedehus etterpå.

12. januar er dagen for hovudmarkeringa av at Edvard sluttar. Både gudstenesta og festen er open for alle i og utanfor Vaksdal som vil koma. Prost Arild Hellesøy og koret Kilden er mellom dei som bidreg den dagen. Edvard har sin siste gudsteneste på Nesheim og på Dale på julaftan, og sin siste på Stamnes på nyårsaftan.

Mange konsertar i kyrkje



Søndag 24. november kl. 17.00
Bergsdalen kyrkje:

JULEKONSERT med
Elisabeth Lid Trøen (saksofon, fløyte, song) og
Sondre Närva Pettersen (tangentar, song).
Billett kr 200/ Gratis for dei under 16 år.
Billettane vert å få kjøpt ved døra,
med kontantar eller Vipps: 552521

Laurdag 30. november kl. 16.00
Dale kyrkje:

ADVENTSKONSERT med Kilden, Dale Musikkforening og kantor Ruben Gjertsen. Adventstankar ved Eli Kringlebotten. Kollekt ved utgangen.

fjordvegr.no
Eb Quartet

Fredag 6. desember kl. 19.00
Vaksdal kyrkje:

JULEKONSERT med den unike kvartetten Fjordvegr, som består av Eb instrumentalistar: Heidi Magnesdatter Åsbø (kornett), Terje Pedersen (althorn), Christopher Sæbø (althorn) og Anne Kristine Borgund Johannessen (tuba). På vokal: Monica Skjelanger Reknes.
Billett: billett.fjordvegr.no



Søndag 8. desember kl. 17.00
i Vaksdal kyrkje:

STRESS NED-KONSERT med Rakkadeis
Dette blir ein nedpå konsert med både norske og utanlandske låtar som du nok har høyrd før. Det vil og bli innslag av julelåtar.
Forhåndskjøp billett på Hoopla.no

Tysdag 10. desember kl. 13.00
i Dale kyrkje:


BARNEHAGEKONSERT, med og for barnehagane på Stanghelle og Dale – og for alle andre som vil koma!



Torsdag 12. desember
kl. 19.00 Dale kyrkje:

JULEKONSERT med Dale Mannskor og Marianne Juvik Sæbø.
På flygel: Frode R. Vik og Terje Kleppe. Dirigent: Lars Ragnvaldsen
Bill kr. 300, sal ved døra
(Vipps: 559814)

Kyrkjene fram mot jul!



Laurdag 14. desember kl. 20.00 Dale kyrkje:

JULEKONSERT med Bad Brooks. Dette blir en konsert fylt med mye følelser og gode historier fra Bad Brooks sin reise fra den spe oppstarten og frem til nå. Blant annet får man oppleve en helt ny vri av kjente julesanger som Jingle Bells og Winter Wonderland, men også mindre kjente slagere - alle ikledd en ny moderne countrydrakt.
Bill: Kr 325 på ticketmaster.no

Søndag 15. desember kl. 17.00

Stamnes kyrkje:

ADVENTSKONSERT/ LYSMESSE med Blanke Messingen, Stamnes barnekor, Sunniva Gammersvik med fløytelever, Jonathan Gravdal, Hege Eide Vik, Marta-Lise Handal Langeland og kantor Ruben Gjertsen. Adventstankar ved Edvard Bø. Kollekt ved utgangen

Søndag 15. desember kl. 16.00

Eksingedalen kyrkje:

ADVENTSKONSERT med Idun Fjeld, Vira Samoilenko, Øystein Haga, Heidi Nesheim og organist Frode Vik. Kollekt ved utgangen.

Torsdag 19. desember kl. 19.00
i Dale kyrkje

«HELGASONG»; Religiøse folketonar frå Hardanger, Voss, Eksingedalen, Sogn og Øygarden

Medverkande:

Irene Tillung, akkordeon

Tore Brunborg, saxofon


Mats Eilertsen, kontrabass

Nils Økland, fele og hardingfele

Berit Opheim, vokal

Produsent: Nils Økland

Bill kr. 200, sal ved døra.



Søndag 22. desember kl. 19.00 Vaksdal kyrkje


ADVENTSKONSERT med Kordial, Dale Mannskor, Trine Duesund Straume, Hege Anita Tveito, Lars Arve Styve og organist Frode Vik. Kollekt ved utgangen.

*Endringar kan koma.
Fylg med på annonsering
og plakatar*





Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Veggen i Vaksdal. Det er sjølvstøtt livs- og trusvegen det handlar om, og målet om at alle som er døypte eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Fylg Veggen i Vaksdal på Facebook! 

Generasjonssong på Dale og Vaksdal

Ein tysdag i månaden har det i haust vore Generasjonssong på sjukeheimane på anten Dale eller Vaksdal. Dette er eit samarbeid med Frivilligsentralen som har stilt med kaffimat, til stor glede for små og store! Kjekke songstunder for fleire generasjonar!

Baby- og småbornssong på Dale og Vaksdal

I haust har det vore baby – og småbornssong vekselvis på Dale og Vaksdal på onsdagar. Trusopplærar Kristin har leia samlingane, som består av song og regler, og me nyttar ulike effektar som rytmeinstrument, stoff og såpebobler. Sjå meir info under «Veggen vidare».

Knøttesong på Dale og Vaksdal

I haust har me òg hatt knøttesong for born 1-5 år på Dale og Vaksdal onsdagar. Det har vore kjekke samlingar med både kjende og nye fjes – koseleg! Alltid fint å vera saman, både når det er få, og me blir meir kjende, og det er mange som får myldra ilag!




KOSELEG: Babysong i Vaksdal kyrkje.

Etter skuletid

Med Etter skuletid får born som går i 5.-7. klasse eit tilbod om ein stad å vera etter skulen onsdagar, vekselvis på Dale og Vaksdal. Bor-

na har fått pølser og saft, og kunna spelt spel eller gjort ulike hobbyaktivitetar, alt etter kva dei har villa sjølve.



Stamnes barnekor

På Stamnes kvar torsdag ettermiddag i haust har Stamnes barnekor øvd i bedehuset. Me har fokus på songlede og leik, og har det kjekt saman, både på øving og når me framfører. I haust laga me oss logo og kjøpte heilt nye t-skjorter! Det var litt diskusjon om kva farge dei skulle ha, men me landa på kule gule skjorter!



GULE T-SKJORTER: Stamnes barnekor i nye, fine T-skjorter.



BØKER: Bokutdeling i Eksingedalen (fv.), Vaksdal og Stamnes.

Utdeling av bøker i Eksingedalen, på Stamnes og på Vaksdal

Fireåringar og tiåringar frå Stamnes og Vaksdal sokn fekk fireårsbok og Nytestamentet un-

der kvar si gudsteneste 10.november, medan me delte ut både fireårsbok, seksårsbok og nytesta-

mente på ei gudsteneste i Eksingedalen i slutten av september.

Samlingar for 4-åringar

Også i haust har me hatt enkle fireårssamlingar der borna fekk laga seg kvar sin adventskalendar, basert på julekrybba. Ein konge leitar etter Jesusbarnet, og må gå på 24 stjerner i desember for å koma fram til Jesus i krubba, saman med Maria og Josef.



Konfirmantane

Konfirmantåret 2024-2025 er godt i gong, og konfirmantane har allereie delteke på fleire ulike aktivitetar, blant anna leir i Eksingedalen og samlingar i større og mindre grupper. Også i år deler me konfirmantane i tre mindre grupper og samlar åtte-ni konfirmantar om gongen tysdagar og onsdagar etter skulen. Me et enkle måltid, og har fokus på å prata og undra oss saman.

LEIR: Konfirmantane hadde det kjekt på leir.



KVA SKJER PÅ VEGEN VIDARE?

Frå 29. januar

0-13 år

SUPERONSDAGAR på Dale og Vaksdal

Me heldt fram med Superonsdagar vekselvis på Dale og Vaksdal, og startar 29. januar på Dale. Desse onsdagane er det til saman fire ulike samlingar for born mellom 0 og 13 år:

11.30-13.30:

0-2 år

Baby- og småbornssong

Sanserike samlingar for dei yngste borna. Sjølve songstunda er ca. kl. 12. Lunsjtreff før og etter. Kom/gå som det passar! Ta gjerne med niste, me har drikke og frukt.

14.00-15.00:

5.-7. trinn

Etter skuletid

Ein trygg stad å vera saman etter skulen. Me gjer litt ulike ting kvar gong, som spel, aktivitetar, lekser, hobby, song, teikning og forteljing. Varmt måltid (pølser) til alle! OBS: Kun på Vaksdal i februar/mars.

15.00-16.00:

1.-4. trinn

Barnekor

Kor for born i aldersgruppa. **OBS: Dette vert fyrst starta opp når me har nok interesserte, meld interesse til vegen.vaksdal@kyrkja.no**

17.00-18.00:

1-5 år

Knøttesong

Opplevingsrike samlingar med leik og song for borna i aldersgruppa. Mat, prat og frileik etterpå. Ta gjerne med niste, me har frukt og kaffi/te/vatn.

18.-19. januar

Lys Vaken i Eksingedalen:

I år vert det Lys Vaken for borna i Eksingedalen. Her har ein ulike spennande aktivitetar, og overnattar i Nesheim kyrkje til søndagen. Der deltek ein i gudstenesta før det er heimreis.



25.-26. januar

11 år

Lys Vaken på Dale

Siste helga i januar er det Lys Vaken i Dale kyrkje, for alle born i kommunen som fyller elleve år dette året. Her har ein ulike spennande aktivitetar, et pizza og overnattar i kyrkja til søndagen, då ein deltek i gudstenesta før det er heimreis. Dette pleier å vera veldig kjekt for dei som er med!



26. januar

11 år

Utdeling av Nytestamentet til elleveåringane på Dale

Under Lys-Vaken-gudstenesta i Dale kyrkje 26. januar vert det òg utdeling av Nytestamentet til alle elleveåringar som høyrer til Dale sokn. Gudstenesta kan alle sjølv sagt koma på uansett om dei er med på resten av Lys Vaken-opplegget eller ikkje!

1.-2. februar

8 år

Tårnagenthelg

Fyrste helga i februar vert det arrangert Tårnagenthelg i Vaksdal kyrkje. Her er alle som blir åtte år dette året velkomne. Ein har fyrst ei samling på dagtid laurdag, der ein blant anna skal gjennom ei tårnagentløype, få agentbevis rundt halsen, bli delt inn i grupper og gjera ulike oppgåver samtidig som ein blir kjend med kyrkja. Sjølv sagt står ein tur i kyrkjetårnet også på planen! Sundagen er det tårnagentgudsteneste der tårnagentane bidreg med noko dei har førebudd dagen før.



Frå februar

0-5 år

Baby- og småbornssong på Stamnes

Også etter jul vert det samlingar med kombinert baby- og småbornssong for born 0-5 år på Stamnes. Me vurderer å ha det laurdagar, så fylg med på facebook-sida vår for oppdateringar på dagar.



Barnas



Fargelegg!

Teikning:
Chiara Bertelli



Finn 10 gutenamn

Leit bortover og nedover. Finn du alle?

K	E	Y	J	E	S	U	S	J	N
A	K	S	E	L	T	S	S	O	I
E	S	P	E	N	H	A	T	H	S
R	M	O	R	T	E	N	K	A	A
L	J	Y	M	T	O	D	D	N	K
I	F	V	C	T	D	E	W	N	A
N	K	S	K	K	O	R	K	E	F
G	R	H	U	J	R	Q	A	S	M
O	U	X	J	P	J	W	P	I	E
F	D	Z	T	H	O	R	O	T	A

Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!


Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 03 71 00



Kva
høne har
ikkje fjør?
Svar:
Marihøna

Vits



Finn fem feil

Her fortel Gabriel Maria at ho skal bli mammaen til Jesus. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet til høgre?

Labyrint

Kan du hjelpe Maria å
finne vegen til Elisabet?



Teikning: Chiara Bertelli





JULEVERKSTAD VAKSDAL BEDEHUS

Laurdag 30. NOVEMBER kl. 11.00 er det juleverkstad for born i Vaksdal bedehus

Her lagar me fine ting til jul.

Tilbodet er gratis, soknerådet spanderer, og borna får det dei har laga sjølve med seg heim.

Mange av tinga me lagar er dei same frå år til år. Det gjer ikkje noko. Nytt av året er å laga fuglar med fjør til å henge på juletreet. Dei lagar me av silkeleire som ikkje søler og ikkje fargar av.

Det er andakt ved presten.
Så vert det og noko godt å eta.
Me er ferdige om lag kl. 14.00.

En jul å glede seg til

Blå Kors har flere tilbud for barnefamilier som strever. Med din støtte kan vi hjelpe flere!



Gi din støtte til familier som har det vanskelig

Gi din gave på
vipps 936679



DET SKJER I BEDEHUSA

VAKSDAL BEDEHUS

Storsamling søndag kl. 11.00:

26. januar, 16. februar,

9. mars, 30. mars,

Søndagsskule i kjellaren kl 11.30 dei same søndagane.

Føremiddagstreff torsdag kl 11.30 med andakt, song og musikk, matpause m.m.

23. januar. Gjestar: Ingunn og Leiv Nesheim.

20. februar. Gjestar: Ellen Haugland og Ingunn Nøkland,

20. mars. Gjestar: Bjørg Stormark, Torhild Skare, Karl Magnus Valle, Ingrid Verpelstad.

Bibeltimar torsdag kl. 19.00

13. februar og 20. mars, ved Odd Sverre Hove

Bønesamling kvar mandag kl 19.00

Bibelgruppe Annan kvar torsdag kl 19.30

DALE BEDEHUS

Bibel-helg ved Asle Hetlebakke

Laurdag 23. november og søndag 24. november, begge dagar kl. 18.00

Laurdagsgraut

Laurdag 7. desember kl. 12-15.

Arr: Indremisjonen og soknerådet

Møte ved Helen Romarheim

Onsdag 11. des. kl. 19.00

Møte ved Leiv Nesheim

Onsdag 15. jan. kl. 19.00

Møte ved Vegard Hetlebakke

Onsdag 12. febr. kl. 19.00

Bibel-helg ved Odd Sverre Hove

Laurdag 15. mars og søndag 16. mars, begge dagar kl. 18.00

JULEFESTAR

Vaksdal bedehus:

Laurdag 4. januar kl. 16.00.

Arr: Indremisjonen og soknerådet

Dale bedehus:

Søndag 5. januar kl. 17.00.

Arr: Indremisjonen

Konfirmantjubilantar på Dale



50-ÅRSKONFIRMANTAR I DALE KYRKJE, 6. OKTOBER 2024:

1 rekkje frå venstre: Rigmor Nottveit, Turid Vatle Berntzen, Nina Nesse, Siri Hvidsten, Signe Johannessen, Ruth Simmenes, Anne Siri Seim. 2. rekkje frå venstre: Sven Hvidsten, Frode Brattebø, Øyvind Johannessen, Jonny Sellevoll, Baste Hjørnevik, Jørgen Dalseid. 3. rekkje frå venstre: Dag Seim, Roar Olsnes, Johs. Eikefet, Frode Kvamsøe

Foto: Brith Kydland



60-ÅRSKONFIRMANTAR I DALE KYRKJE, 6. OKTOBER 2024:

1. rekkje: Karen Langeland, Marion Ragnvaldsen, Eli Kringlebotten, Dagny Gilje Antonsen, Karin Småbrekke, Anne Sellevold Hol, Else Karin Erntsen, Reidun Laastad Dyvik 2. rekkje frå venstre: Sverre Standal, Johannes Ravnestad, Jørn Laastad, Øystein Rønhovde, Frode Kvamsøe

Foto: Brith Kydland

Minnegudstenesta på Stamnes Nyårsaftan



KROSS: Bilete er frå då lysa vart tente i Dale kyrkje i minnegudstenesta der. Krossen vart i si tid laga til Stamnes kyrkje av Einar Magne Straume.

Som tidlegare meldt har me no to minnegudstenester i Vaksdal. Den eine var på Dale fyrste søndagen i november, og den andre vert i Stamnes kyrkje nyårsaftan kl. 15.00.

Den minnegudstenesta gjeld for sokna Stamnes, Eksingedalen og Nesheim. Då tenner me lys for og les opp namna til dei som har hatt gravferd eller bisetjing med kyrkjeleg deltaking det siste året i dei sokna.

Minnegudstenesta er open for alle som vil koma.





KONSERT: Trine Duesund og Eirik Straume Normann hadde med seg Aage Vaksdal på trekkspel.

Konsert for barneskulen Kely Mandresy

Fredag 8. november var det konsert i Nesheim kyrkje – til inntekt for barneskulen Kely Mandresy på Madagaskar.

Ei norsk stifting bidreg mykje til drifta av skulen, og blant dei som er engasjerte i det arbeidet er ekteparet Frøydis Gullbrå og Svein Tollefsen. Dei og fleire andre frivillige står bak desse årevise konsertane. I år sto Trine Duesund og Eirik Straume Normann øvst på plakaten, men fleire lokale

songarar og musikarar var og engasjert. Eit høgdepunkt var og opptaket med Frøydis sitt intervju med skuleleiinga over Messenger.

Denne kvelden var nærare 50 personar samla i kyrkja. Konserten vart strima, og omlag 20 fylgde han direkte.

Når Kyrkjebladet vert skrivne har omlag 200 personar sett konserten etterpå, og det er framleis mogleg å sjå han på Nese Media si heimeside: nesemedias.no/live

Det kom inn nesten 25.000 kr til skulen i samband med konserten. Nesheim sokneråd

dekkjer det meste av kostnaden med striming.

Dei som framleis vil støtte skulen kan sende pengar via Vipps til 585489. Meir informasjon kan ein og få på stiftinga si Facebook-side eller ved å kontakte ekteparet Gullbrå/Tollefsen.

Frøydis på Madagaskar

Frøydis Gullbrå reiste dagen etter konserten til Madagaskar for m å vitje skulen, og me har fått eit lite reisebrev gå henne:

Eg er no på Madagaskar saman med kollega. Denne turen har litt helsefokus, då eg brukar del av utdanningspermisjon til dette. Me besøker legar her nede, for å sjå korleis dei arbeider. og for å diskutere folkehelse-utfordringar. På turen skal me også naturlegvis besøkje skulen me støttar, og

ha møte med skule-leiinga der. Det er viktig for oss å følgje opp skuledrifta med jamlege besøk. Slik blir me betre kjent med skule-leiinga, og me ser at pengane som blir sendt ned, blir brukt slik dei skal. Me er også innom fleire kjente som me har besøkt tidlegare, i går besøkte me ein to-åring med mor si – ho vart fødd då me var her for to år sidan – kjekt å sjå at den vesle jenta veks og utviklar seg. Allereie på dei to første dagane har me fått mykje inntrykk –

folka her er varme, fargerike og blide – men likevel ekstremt fattige. I store delar av landet er det tørke – med mykje mindre regn enn vanleg dei siste åra. Det gir enno meir matmangel enn tidlegare. Det er vondt å sjå kor folk strevar.

Frøydis er på Madagaskar til 26. november, og me presiserer at ingen av utgiftene til turen går frå pengane som kjem inn til skulen.



MADAGASKAR: Frøydis med Jessie på fanget. Til venstre sit Ernestine med Lianah på fanget.



INNELÅSTE: Takhmina og borna blei låste inne i kjellaren medan dei russiske okkupantane tok over huset.. Foto: Håvard Bjelland, Kirkens Nødhjelp

Ei trygg hamn

UKRAINA: På flyktingsenteret til kyrkja Love of Christ møter vi 4 månader gamle Miran og mora Takhmina. Dei har vore i fangenskap og på flukt sidan krigen braut ut for snart tre år sidan. Medan dei eldste barna leikar i portrommet utanfor, fortel Takhmina oss historia si, med Miran ved brystet.

Då russarane kom

Russarane kom så fort at familien ikkje rakk å flykte. Soldatar small opp døra heime hos henne, der ho sat åleine med barna. Dei neste ni månadene vart eit mareritt, der ho berre fekk oppleve dagslys ein einaste gong. Takhmina og barna vart låste ned i kjellaren, medan soldatane slo seg ned i huset. Ho og barna torde ikkje gå ut. Ei bømte vart toalettet til heile familien, rå poteter og innimellom nokre grønnsaker var alt dei fekk å ete. Lukta var forferdeleg. Ein pensjonert nabo risikerte livet ved å levere drikkevatn til familien nokre gonger i veka.

Tryggleiken

Ukrainske styrkar klarte til

slutt å ta tilbake området der dei budde. Nyleg kom ho til tilfluktsrommet i Mykolaiv der Kirkens Nødhjelp, saman med den lokale kyrkjelyden, har gjort bomberommet under kyrkja om til ein trygg heim for folk på flukt. Her finst senger, kjøken, dusj og aktivitetsrom for barn. Ei nydeleg lukt av borschtsuppe siv ut frå kjøkenet.

– For første gong på veldig lenge søv vi no gjennom heile natta. Det er så stille og godt her, og det kjennest som vi har kome til ei trygg hamn.

Folk i kyrkjelyden og andre frivillige hjelper flyktingane med det dei treng. Takhmina og barna har hatt besøk av ein

psykolog i dag tidleg, og jobbar no med å skaffa seg nødvendige papir, slik at dei kan få sosialstøtte og kome seg vidare i livet.

– Det er Guds velsigning at vi klarte å kome oss levande hit til denne staden, seier Takhmina. Både i Ukraina og i Noreg skal vi snart feire jul og minnst den natta Jesusbarnet vart fødd inn i ei verd med fattigdom, forfølgning og nød.

No, som då, er Gud midt i lidinga og nøda. Vi ser om og om igjen at menneske finn trøyst og håp i trua på noko som er større. Større enn oss sjølve, større enn fortvilninga og større enn «her og no» der med kyrkjer og religiøse samarbeidspart-

narar over heile verda. Vi har ein tilleggsverdi i vårt diakonale arbeid - trua på eit håp, og at alle menneske er like mykje verd. Det er vårt kall og vår oppgåve å kjempe mot nød og fattigdom. Saman med kyrkjene i Noreg reddar vi liv, byggjer sterke lokalsamfunn og kjemper for rettferd - kvar dag.

**SLIK GJEV DU DEN
VIKTIGASTE
JULEGÅVA I ÅR:**

Vipps eit valfritt beløp
til 2426

Send GAVE på SMS
til 2426 og gje 300 kroner.
Gåvekonto: 1594.22.87248



NY PREST: Fredrik Hope byrjar som ny prest etter nyttår.

Ny prest frå 1. januar!

Fredrik Hope frå Arna vart tilsett som ny sokneprest i Stamnes og Vaksdal sokn, og tok imot stillinga.

Han vart tilsett under føresetnaden at han fullførte studiet og vart vigsla til prest. Studiet

er han i ferd med å avslutte i desse dagar, og etter dette vert tid og stad for prestevigslinga bestemt. Dette kjem me attende til. Fredrik startar litt forsiktig opp etter nyttår, men vert å treffe på juletreffesten i Vaksdal bedehus laurdag 4. januar.

PRELUDIUM 2

Du kan kjøpe boka her:

- # Petersens Handleri
- # Dale kyrkje
- # Kyrkjekontoret
- # www.zeth.no



SISTE BIBELTIME MED EDVARD 26. NOVEMBER

Før dei som rekk å lese dette før det er for seint: Edvard held den siste av sine to bibeltimar i haust tysdag 26. november kl. 19.00.

Stad er som før: I konfirmantrømmet i Vaksdal kyrkje.

SOKNERÅDET SIN BASAR PÅ STAMNES

Den årlege basaren som soknerådet har saman med barnekoret vert torsdag 20. februar neste år. Set av datoen!

KYRKJEBLADET PÅ NETT

Du kan lese gamle kyrkjeblad frå Vaksdal på nett: kyrkja.no/vaksdal.

Men me manglar fleire blader! Særleg frå åra 1980-82, og på heimesida vår ser du kva blader me manglar og som difor ikkje er lagt ut. Så viss du har gamle blader liggjande vil me gjerne låne dei så me får scanna dei og lagt dei ut.

EIDSLAND KAPELL 100 ÅR!

Neste år er det 100 år sidan Eidsland kapell vart vigsla. 29. april 1925 var vigslingsdatoen. Jubileet vert feira laurdag 31. mai, med festgudsteneste m. m.



GRASKLYPPAREN E-SAU

Me er svært nøgde med mange som ville gi den nye «medarbeidaren» på Eidsland gravplass namn. Medarbeidaren har no tatt seg pause for vinteren, men er på plass igjen til våren. Han vil då bera namnet E-sau. Jahn-Olav som er vinnar av konkurransen skriv mellom anna til oss «Dette er det me kallar ein elektrisk sau, eller E-sau om ein vil. Då kan den få det bibelske namnet Esau, ev E-sau»

Jahn-Olav Norheim vil få ein pose Twist i premie frå oss her i redaksjonen.

tovi
Elektro

Tlf. 417 94 104
E.post: tommy@tovielektro.no

ARNPRO

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no

ATLANTIS

VVS & INTERIØR

Din lokale rørlegger i Vaksdal

95 97 17 00



eviny



DALETEC

**Sæterdal
Elektro**

Me leverer alt innan
elektrikartenester.
Tlf. 565943 00



SparebankenVest

– satsar på Vestlandet

Tlf 56 59 39 00 - www.spv.no



**Alt innan
tømrararbeid**

Tlf. 922 65 739
post@falkangerbygg.no



**Falkanger Bygg er
forhandlar av Idehus**
Sjå Idehus.no

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

**Vangen
Elektriske**

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstrøm
- Alarmanlegg
- Brannvarsling
- Teleinstallasjonar
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66 - www.vangen-elektriske.no



Bergsdalstunet

- Selskap
- Levering av mat
- Minnesamvære

Tlf. 93 213 213

LIVETS GANG


DØYPTE
Dale

- 15.09 Theo Dalseid Brekke
 06.10 Silas Vedaa Jordalen
 17.11 Eva Lunde Helland
 17.11 Diamante Opheim

Stamnes

- 06.10 Hannah Amelia Flete Berntzen

Vaksdal

- 13.10 Maila Erdal
 10.11 Aslak Trøan Vik

Nesheim

- 27.10 Olav Øvstedal


VIGDE
Vaksdal

- 16.11 Jannicke Engesæth og Km Andre Skår


DØDE

med kyrkjeleg gravferd/bisetjing

Dale

- | | | |
|-------|----------------------|------|
| 15.09 | Marta Olaug Rønhovde | 1940 |
| 27.09 | Gjertrud Rolland | 1925 |
| 29.10 | Zoia Kozachok | 1975 |
| 29.10 | Jan Erling Solberg | 1942 |

Vaksdal

- | | | |
|-------|----------------|------|
| 14.09 | Jorun Turi Vik | 1934 |
|-------|----------------|------|

Kyrkjetenar i Eidsland kapell

Hei! Treng du ein liten ekstrajobb, då er du kanskje den nye kyrkjetenaren på Eidsland?

Full opplæring til stillinga vil bli gjeven. Søkar må vera fylt 16 år og vera medlem av Den norske kyrkja.

Om du har spørsmål, kontakt kyrkjevevja Bjart-Magnus Rosvold på telefon 97 69 75 62, eller e-post br233@kyrkja.no

Søknadsfrist snarast.

VELKOMEN TIL KYRKJA

Søndag 2. februar - 5. søndag i openberringstida

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00.

Vegen-gudsteneste / Tårnagent-helg. "

Hope og Normann.

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe.

Søndag 9. februar - 5. søndag i openberringstida

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe.

Søndag 16. februar - Sámannssøndagen

DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Hope.

EIDSLAND KAPELL kl. 17.00. Gudsteneste. Hope.

Søndag 23. februar - Kristi forklåringsdag

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Hope.

Søndag 2. mars - Fastelavnssøndag

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe.

Søndag 9. mars - 1. søndag i fastetida

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Hope.

DALE KYRKJE kl. 16.00. Gudsteneste. Kvamsøe.

Søndag 16. mars - 2. søndag i fastetida

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Hope.

Søndag 23. mars - Maria bodskapsdag

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe.

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Hope.

Søndag 30. mars - 3. søndag i fastetida

Ikkje gudsteneste i Vaksdal.

Søndag 6. april - 4. søndag i fastetida

DALE KYRKJE kl. 16.00. Ung Messe.

Konfirmantane, Hope, Normann og Kvamsøe.



Vaksdal
 BLOMSTER OG
 BEGRAVELSESBYRÅ
 - omsorg ved livets slutt -



DITT LOKALE BYRÅ SIDAN 1984

DØGNVAKT: 56 59 74 70
 WWW.VAKSDALBEGRAVELSE.NO



NORDHORDLAND
 BEGRAVELSESBYRÅ

Ditt lokale
 gravferdsbyrå

AVD. VAKSDAL
 ALLTID HER FOR




Ann-Elin M. Gullbrå Marit M. Alvheim

DØGNVAKT 56 99 25 70 - WWW.NORDH-BB.NO
 Me har lokalt kontor i Elvavegen 1, 5722 Dalekvam



VELKOMEN TIL KYRKJA

Søndag 1. desember - 1. søndag i adventstida

EIDSLAND KAPELL kl. 15.00. Lysmesse. Bø. Stamnes barnekor.
 VAKSDAL KYRKJE kl. 19.00. Lysmesse. Konfirmantane, Bø og Normann.
 DALE KYRKJE kl. 20.00. Lysmesse. Konfirmantane og Kvamsøe.

Laurdag 7. desember - 2. søndag i adventstida

BERGSDALEN KYRKJE kl. 16.00. Lysmesse. Bø m/fl.

Søndag 8. desember - 2. søndag i adventstida

NESHEIM KYRKJE kl. 16.00. Lysmesse. Bø m/fl.

Søndag 15. desember - 3. søndag i adventstida

Ingen gudsteneste i Vaksdal, men adventskonsertar på Stamnes og Flatekval.

Søndag 22. desember - 4. søndag i adventstida

Ingen gudsteneste i Vaksdal, men adventskonsert på Vaksdal.

Julaftan

NESHEIM KYRKJE kl. 12.00. Julegudsteneste. Kvamsøe.

STAMNES KYRKJE kl. 13.00. Julegudsteneste. Thor Olav Gullbrå.

DALE KYRKJE kl. 16.00. Julegudsteneste. Bø.

VAKSDAL KYRKJE kl. 16.00. Julegudsteneste. Kvamsøe.

1. Juledag

VAKSDAL KYRKJE kl. 12.00 (Merk tida). Felles høgtidsgudsteneste for Vaksdal og Dale sokn. Bø og Kvamsøe. Nattverd. Forsongarane møter kl. 11.00.

2. Juledag

BERGSDALEN KYRKJE kl. 12.00 (Merk tida). Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe.

STAMNES KYRKJE kl. 12.00 (Merk tida). Høgtidsgudsteneste. Bø.

Nyårsaftan

STAMNES KYRKJE kl. 15.00. Minnegudsteneste for Stamnes, Eksingedalen og Nesheim sokn. Bø.

VAKSDAL KYRKJE kl. 23.00 (merk tida) Midnattsmesse. Bø.

Nyårsdag

Ingen gudstenester i Vaksdal.

Søndag 5. januar - Kristi openberringsdag

DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe.

Søndag 12. januar - 2. søndag i openberringstida

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Avskilsgudsteneste for Edvard Bø.

Sjå eiga omtale i bladet.

Søndag 19. januar - 3. søndag i openberringstida

NESHEIM KYRKJE kl. 15.00. Vegengudsteneste / Lys Vaken-helg.

Hope og Normann m/fl.

Søndag 26. januar - 4. søndag i openberringstida

DALE KYRKJE kl. 11.00. Vegengudsteneste / Lys Vaken-helg. Kvamsøe.

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Hope.

Lista fortset på side 19

Sjå annonsar i lokalavisa, oppslag, og på www.kyrkja.no/vaksdal for eventuelle endringar.

Ta kontakt med kyrkjekontoret ved ynskje om dåp.



Døpe barnet - eller bli døpt sjølv?

Ver velkomen til dåp!

Ta gjerne kontakt med oss:

Telefon: 56 59 39 20

Epost: kyrkjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

Post: Postboks 113, 5721 Dalekvam

Kom innom: Fabrikkvegen 3 på Dale

Heimeside: www.kyrkja.no/vaksdal

Tidlegare fekk me melding om alle nyfødde,

og kunne sende innbyding til dåp.

No får me ikkje lenger den informasjonen,

og kan difor ikkje sende innbyding direkte.